

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

18.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land - 2018/0166. Innspel

Hjarthdal kommune syner til innspelsbrev datert 08.06.18. NVE har fått i oppdrag av OED å utarbeide ei «nasjonal ramme for vindkraft på land» med frist 01.03.19. I denne runda ber NVE om innspel på administrativt nivå. Føremålet med innspel er fagleg informasjon og NVE syner til eksempelvis informasjon om friluftslivsområder med regional verdi.

Hjarthdal kommune kjem i si uttale med ein del informasjon som på dette stadiet kan oppfattast som unødvendig detaljert. Me er av den oppfatning at desse er nødvendige for å få fram kor mange som i dag nyttar områda innafor Analyseareal nr 5 til rekreasjon og til opplevingar i det flotte friluftsområdet som ligg mellom anna i nær tilknytning til Gaustatoppen.

Kort om Hjarthdal kommune

Hjarthdal kommune ligg i Telemark med grense til kommunane Tinn, Notodden og Seljord. Næringslivet er knytt til landbruk, turisme og handtverkstenester. Gaustatoppen ligg rett over grensa til Tinn, medan Store Gaustekne på 1.523 moh og Gaustaråen med sine 1.615 moh ligg her i Hjarthdal.

I Tuddal ligg det eldste høgfjellshotellet i Noreg, Tuddal Høyfjellshotell, frå 1895: *Ikke så stort, men autentisk og uten forstyrrende luksus. Til å bli glad i.*



Bildet syner Tuddal Høyfjellshotell med Gaustaknea i bakgrunnen. I området bak hotellet og foran «knea» kan det i verste fall blir opne for at det kan søkjast om konsesjon for å byggje vindkraftpark.

Det var stor kraftutbygging i kommunen på 1950-talet. No i 2019 er det ny utbygging på gong i Tuddal, medan nye Sauland kraftverk AS har konsesjon, men søkt om utsatt oppstart.

Mjuke eksklusjonar

Arealanalysa som den er presentert i høyringa, er resultat av at lite egna vindkraftområder er ekskludert etter harde og mjuke eksklusjonskriterier.

Fleire av tema som er vurdert til å kunne ha vore gjenstand for mjuk eksklusjon, er av NVE ikkje tatt med på grunn av manglande data-/kartgrunnlag. Hjartdal kommune stiller spørsmål om dette fører til at *for* mange viktige interesser likevel vil måtte inngå i ei konsesjonshandsaming. Vil i såfall arbeidet med ei nasjonal ramme for vindkraft bli konfliktdempande, slik Regjeringa i si bestilling legg opp til?

Ulike fagrapporter

Hjartdal kommune vil peike på, etter vår meining, eit hol i faggrunnlaget: Verknaden for husdyr på utmarksbeite.

Dei siste 8 – 10 åra har det innan landbruket skjedd fleire generasjonsskifter og me har t.d nest flest mjølkeprodusentar i Telemark. Fleire av desse har kyr på utmarksbeite.

Av sauebruk er det ingen i Telemark som har fleire bruk enn Hjartdal. Totalt var det 1.769 vaksne sau på utmarksbeite i fjor. Talet for lam var 2.849. Det betyr at samanhengande areal som kan nyttast til beiteareal er særskild viktig for landbruksnæringa. Sau beiter i alle dei tre områda som ligg til høyring no. Korleis beitande kyr og sau vert påverka av eventuell vindkraftutbygging finn Hjartdal kommune ingen dokumentasjon, eller fagrapport på.

Analyseområde 5

Område 5 i høringsforslaget omfattar areal i 6 kommunar i Telemark og 3 kommunar i Buskerud.

Dei områda som er vist som mest lønsame å byggje ut har ein del fellestrekk. Dei er alle lite påverka av inngrep (jf. INON som indikator). Områda reiser seg som relativt høge fjell i høve til landskapet omkring og er dermed svært synlege frå bygder og tettstader omkring. Av same grunn er det i stor grad fri sikt mellom alle desse fjella. Eventuell utbygging av vindmøller på eit av fjella vil vera svært synleg og til dels dominerande i utsikten frå dei andre og frå mange bygder. Typisk er dette relativt store samanhengande naturområde, men med nær kontakt til bygdene omkring. I stor grad er desse fjella eit viktig landskapselement i kulturlandskapet. Kommunane som vert påverka har kulturlandskap som må rangerast høgt i regional og nasjonal samanheng og dersom område 5 vert klassifisert som eigna for vindkraftutbygging vil mesteparten av kulturlandskapet i dette området verta sterkt påverka.



Bilde frå www.gausta.no


Gaustatoppen m/Tuddal og Gaustablikk

Dette området slik det går fram av kartet «Analyseområde detaljkart» grensar mot Gaustatoppen i nordvest, Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde i vest og mot Verdensarvområdet Rjukan-Notodden i nord og aust.

Det er knapt nokon nordmann som ikkje kjenner til Gaustatoppen. Fordi dette er eit fjell på 1.884 moh og hevar seg vesentleg over landskapet omkring, er toppen synleg over svært store område og av same grunn det punktet der ein har utsikt til størst del av Noreg sitt areal.

Det går ein skinnebane inne i fjellet opp til toppen, Gaustabanen. Dette er eit svært viktig reiselivsprosjekt i både Hjartdal og i Tinn. Likevel er dei fleste som besøker Gaustatoppen fotturistar. Gaustatoppen som turmål har hatt svært sterk vekst og i 2018 vil det vera over 100.000 besøkande på toppen. Sidan 2014 har det vore montert ferdselsteljarar som syner at besøkstalet har auka med 80 % på 5 år. I over 100 år har turistforeininga hatt hytte på Gaustatoppen, med noko overnatting, men der dagsbesøk og servering er mest vesentleg.

Saman med Telemark fylkeskommune er Tinn og Hjartdal i slutfasen på prosjektet «Innfallsport Gaustatoppen». Prosjektet har lagt til rette med shuttle-busser frå Gaustablikkområdet til starten på stigen opp til toppen. Det har vore sesongtilsette vertar som har hatt ulike oppgåver. Det har vore utarbeida reguleringsplan i regi av Statens vegvesen for parkeringsareal. Prosjektet har som mål at turstigen skal få status som «Nasjonal turiststi» og Stavsro-hytta (eit lite serveringsstad ved parekringsarealet) er planlagt som «nasjonal turistpunkt». Dei siste to åra har det vore arrangert ljosvandring langs denne stigen med omlag 5.000 deltakarar på ein kveld/natt.



Bilde frå www.gausta.no

Det har vore ei omfattande utbygging av hytter i Tuddal dei seinare åra. I kommunal regi blir det investert i overkant av kr 300 millionar dei neste åra i VA-anlegg.

Totalt ligg det over 2.300 eksisterande hytter innafor Analyseareal nr 5, som dekker nesten heile kommunen med sine 791 m2.

Hytteegarar i Hjartdal kommune kjem stort sett frå austlandet med overvekt frå Vestfold, Telemark og Buskerud.

Våre hytteområder ligg i nær tilknytning til Tinn kommune sitt største satsingsområde for utbygging av hytter og alpinanlegg. Det er no bygd tilsaman omlag 1.200 hytter og fritidsleilegheitar i Gaustaområdet. I tillegg disponerar Gaustablikk Høyfjellshotell 950 varme senger fordelt på 91 hotellrom, 30 leilegheitar og 47 hytter. Kvitåvatn Fjellstue har 44 rom. Alpinanlegga har tilsaman 13 skiheisar med 35 nedfartar. Området har serveringsstader og det vert drive detaljhandel og har elles omfattande infrastruktur av ulike slag. Tinn opplyser at dei har ikkje oversikt over samla investeringar i området, med det utgjer openbart fleire milliard kroner. Område for vindkraftutbygging går inn i planområdet og omfattar delar av alpinanlegga og går heilt inn til utbygde hytteområde.

Det er 85 km preparerte langrennsløyper i Gaustaområde, Tinn og Hjartdal kommune. Vesentlege delar av desse vert omfatta av område for vindkraftutbygging.

Mælefjell og Lifjell

Lifjell ligg i grensa mellom Seljord, Notodden og Bø kommunar. Dette er eit viktig regionalt friluftsområde med hytteområde i liene opp mot høgjellet. Den norske turistforeining har eit stort merka stignett på Lifjell, Heksfjell og Slåka. Det er også merka/stikka skiløype om vinteren.

Delar av området er viktig beite- og leveområde for sau og vilt.

Ein av dei høgaste toppane er Røysdalsnuten 1291 moh.

Mælefjell ligg nord for Lifjell og er eit massivt fjellparti som ligg mellom Hjartdal og Seljord. Høgaste toppen er på 1413 moh. Store deler av Mælefjell er fjell og stein. Det er lite beiteområde rundt toppen av Mælefjell, men området lenger nede og rundt fjellet har viktige beite- og leveområde for sau og vilt.

I området Heksfjell og Slåka, nordaust for Mælefjell, ligg fleire hyttefelt i tillegg legg arealdelen til kommuneplanen til rette for vidare utbygging.

Breivatn

Det tredje området innafor Analyseareal nr 5 som er til høyring i Hjartdal kommune er i nær tilknytning til vårt tredje området som er utbygd med hytter og turløyper vinter og sommar. Rett nok ikkje på langt nær så mange som i Gaustaområdet. Breivatn er bygd ut med flest hytter med låg sanitær standard og meir areal mellom hyttene.

Det ligg fleire stular innom området som i tillegg er viktig beite- og leveområde for sau og vilt.

Hjartdal kommune vil til slutt nemne at me har stor forståing for at dei klimautfordringane verda ser, må takast på alvor. Det er òg særst viktig å take vare på samanhengande fjellareal og samanhengande naturområder. Nedbygd areal tek ikkje imot nedbør på same vis som ubebygd areal.

Vindkraft er arealkrevjande, det slår Miljødirektoratet i sin rapport «*Faggrunnlag sammenhengende naturområder*» fast. Direktoratet peiker på at det kan føre med seg stor konflikt knytt til utbygging i områder med betydelig verdi for friluftslivet.

Vi har et verdifullt natur- og kulturlandskap og friluftsliv av (inter)nasjonal verdi. Derfor meiner Hjartdal kommune det er særst uheldig at «*Fagrapport reiseliv*» ikkje er ferdig til denne høyringsfristen gjeng ut.

Med venleg helsing

Anne Bamle
Leiar, Samfunnsutviklingsavdelinga